



8 av deltakarane i synfaringa: Frå venstre står Kjartan Thoresen, Bjarthe Døssland, Kjell Yri, Hege Læg Reid Røssland, Solveig Berge, Birgitte Kjelsberg, Dag Eirik Eikeland og Erling Otterlei

I dag har prosjektet til SKL i Børsdalselva stått på programmet for synfaringane av småkraftverkprosjekta som NVE gjennomfører denne veka. På grunn av det ugjestmilde terrenget var det ein heller krevjande operasjon.

Inntransporten av dei 12 deltakarane skjedde med helikopter og Fonnafly sitt Eurokopter måtte gjera 3 turar med 4 passasjerar i kvar for å få alle inn i området.

Etter synfaringa var det oppsummerande møte i Helgheim.

Det var ei svært god synfaring men avgjerda er uviss, seier Kjell Yri (V), den eine av dei 2 politikarane som var med på den 6 timar lange turen



Med kurs mot Børsdalen...

Den andre var Hege Læg Reid Røssland (SV). Dei er begge motstandarar av prosjektet og meiner at det bør vera att noko urørd natur i dette området. Dei peikar ikkje minst på at meir enn 90 prosent av vasskrafta i Kvinnherad no er utnytta. Grunnen til at ikkje andre parti var med på synfaringa var at berre dei 2 hadde sendt høyringsuttale. Det er eit stort politisk fleirtal lokalt for Børsdalselva-prosjektet.

Dei andre som var med på synfaringa var Dag Eirik Eikeland og Erling Otterlei frå SKL, Bjarte Døssland og Ivar Kåre Døssland frå grunneigarane, Solveig Berge og Birgitte Kjelsberg frå NVE, Kjartan Thoresen frå kommunen, Annikken Friis frå Fylkesmannen og Niklas Rodriguez og Hermund Henne frå turlaga. Kjelsberg er sakshandsamar og avgjerda fell truleg like før neste sommar. Utifrå det NVE-duoen sa under synfaringa er det ikkje mogeleg å seia noko om ein mogeleg konklusjon. Dei lyttar og registrerar utan å gje uttrykk for noko meining og held seg dermed til eit NVE-prinsipp.

Det står mellom 2 grunnsyn: Skal ein ta vare på det vesle som er att av uberørt natur eller skal ein akseptera ei viss utbyggjing? Kjell Yri gjev uttrykk for at han er svært spent på konklusjonen. Han seier og at det er viktig med ein slik synfaring fordi saka då vert belyst på ein meir illustrerande måte.

Under det oppsummerande møtet var også Uskedalselva og fisken der eit moment og Ivar Kåre Døssland minte om at laksebestanden har auka som følge av kultiveringa.

Annikken Friis frå Fylkesmannen peika på den store tettheiten av kraftverk på Folgefonnhalvøya - det er 30 berre på den eine sida. Ho understreka kor viktig det er å forvalta i eit langt perspektiv.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Det var plass til berre 4 om gongen i helikopteret